



Ytre Sogn vassområde

Sogn og Fjordane vassregion

Aktivitetsplan for 2018

Hovudmål

1. Heilskapleg forvaltning av vassressursane i tråd med vassforskrifta
2. Styrke kunnskapsgrunnlaget ved å gjennomføre miljøundersøkingar
3. Følgje opp regionalt tiltaksprogram ved å gjennomføre miljøtiltak for å nå fastsette miljømål
4. Jobbe for god medverking, opplysning og engasjement i vassforvaltninga

Aktivitetsmål

Kunnskapsgrunnlaget

Miljøundersøkingar

Følgjande miljøundersøkingar er planlagt i 2018:

1. Halde fram med overvaking og problemkartlegging i vassområdet for å løfte kunnskapsgrunnlaget og utgreie tiltak:
 - a. Gjennomføre program utarbeida i samarbeid med fylkesmannen med hovudformål å avklare økologisk tilstand i vassførekomstar oppført i regionalt tiltaksprogram (50% finansiert med midlar frå Miljødirektoratet). Sjå vedlegg 1 for oversikt
 - b. Ferdigstille og gjennomføre eit meir omfattande program i samarbeid med kommunane, spissa mot utgreiing av tiltak og heving av kunnskapsnivået i vassførekomstar med liten oversikt over påverknad frå landbruk og avløp. Sjå vedlegg 2 for oversikt
2. Arrangere synfaringar for vassførekomstar med behov for tiltak, for å kartlegge ureiningskjelder og moglege miljøforbetrande tiltak
3. Fullføre problemkartlegging, inklusive anbudsprosess, for Espelandsvatnet
4. Miljøundersøking i utvalde forbygde/kanaliserte elvar
5. Skaffe oversikt og kunnskap om vandringshinder ved kommunale vegar
6. Starte opp anbudsprosess for problemkartlegging for eit utval av vassførekomstar oppført i regionalt tiltaksprogram

Avløpssektoren

Mål for 2018:

7. Halde fram med avløpsprosjektet der målet er å kartlegge område i Ytre Sogn vassområde der utgreiing av ureining frå spreidde avløp bør prioriterast
8. Involvere kommunalt tilsette innan avløp tettare i arbeidet med vassforskrifta, gjennom bruk av eksisterande møtearenaer og informasjonskanalar
9. Følgje opp avløpstema frå vassforvaltningsseminaret 28.-29. mars 2017

Landbrukssektoren

Mål for 2018:

10. Bidra i prosjektet «Redusert landbruksureining til vassdrag i Hordaland og Sogn og Fjordane 2018-2019»
11. Involvere kommunalt tilsette innan landbruk tettare i arbeidet med vassforskrifta, gjennom bruk av eksisterande møtearenaer og informasjonskanalar
12. Sette fokus på viktigheita av riktig plassering av rundballar i forhold til nærliggande vassførekomstar

Plansektoren

Mål for 2018:

13. Integre vassmiljø i kommunale planar ved rullering av plan
14. Involvere kommunalt tilsette innan plan tettare i arbeidet med vassforskrifta, gjennom bruk av eksisterande møtearenaer og informasjonskanalar
15. Bidra til at vassforskrifta § 12 blir tatt opp i kommunal sakshandsaming

Medverking og informasjon

Mål for 2018:

16. Formidle informasjon om resultat av miljøundersøkingar ved å
 - a. Orienter kommunestyra
 - b. Legge ut informasjon på vannportalen.no
17. Oppdatere medlemsregisteret for referansegruppa
18. Informere medlemar i referansegruppa kvar gong det blir lagt ut ny informasjon på vannportalen.no
19. Invitere grunneigarar, foreiningar og andre interesserte med på synfaringar til vassførekomstar med behov for tiltak
20. Delta på strandryddedagen 5. mai

Generell oppfølging/rapportering

21. Rapportere om tiltaksgjennomføring for inneverande regionale tiltaksprogram innan 1. juli (og oppdatere tiltaksmodulen i vann-nett til rapportering til ESA 1. september)
22. Bidra til at alle tiltak (med unnatak av der det er gjeve utsetting) oppført i regionalt tiltaksprogram er operative innan desember 2018
23. Gi innspel til revidert planprogram med høyringsfrist 1. januar 2019
24. Gi innspel til vesentlege vassforvaltningsspørsmål med høyringsfrist 1. januar 2019
25. Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget i vann-nett og gje innspel til Fylkesmannen 1. mai.